

# Vestlandsrådet

Saksutredning:

VR-sak 10/14: KARTLEGGING AV KYSTSONA I NOREG - KYST-MAREANO

---


Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

---

## Bakgrunn

Vassflata er ei barriere som gjer det vanskeleg å observere landskap, naturforholda og ressursane under vatn. Gjennom det siste tiåret har det vorte utvikla moderne teknologi som har gjeve helt ny kunnskap og forståing av det marine miljø. Hittil har desse metodane vorte utnytta i stor skala gjennom MAREANO-programmet. Kartleggingsprogrammet MAREANO har pågått sidan 2006, og har undersøkt deler av havbotnen i Barentshavet, Lofoten og på Mørkysten (sjå figur 1). Kartlegginga har resultert i ein stor kunnskapsbank og ein omfattande kartteneste.



Figur 1. Kart over kartlagde områder 2006 – 2012. Raude punkter viser stasjonar som kun er kartlagt ved bruk av videorigg (CamPod), medan svarte punkt viser stasjonar der alle innsamlingsreiskap til MAREANO nytta (også grabb, bomtrål, slede).

Ny og meir intensiv bruk av sjøareala langs kysten vil vere ein konsekvens av målet om at Noreg skal framstå som verdas fremste sjømatnasjon (jf. St. meld. nr. 22, 2012-13). Skal vi nå desse måla må vi forvente økt aktivitet både på land og i sjø, og dermed ein aukande konkurranse om areala.

## Forvaltning og Kyst-Mareano

Kystområda i Noreg dekker eit areal på ca. 90.000 km<sup>2</sup>. Den nye Plan - og bygningslova gjev kommunane og fylkeskommunane ei viktig rolle i forvaltninga av areala i kystsona, både på land og i vatn. Brukarinteressene langs kysten er mange, og konkurransen om areal aukar i omfang; fiskeri, havbruk, havbeite, sjøtransport, hamner og marinaer, vegbygging, kablar og røyrleidningar, industri, gruvedrift, gamle miljøsynder, uttak av sand og grus, turisme og friluftsliv, vassdragsregulering,

# Vestlandsrådet

sjøforsvar og kommunal infrastruktur er alle områder som må takast omsyn til når ein skal tenke heilskapleg arealforvaltinga.

I november 2013 ferdigstilte Havforskningsinstituttet (HI), Norges geologiske undersøkelse (NGU), Kartverket og NIVA eit satsingsforslaget om oppstart av eit kartleggingsprogram i kystsona. Prosjektet ligg hos Regjeringa for handsaming. Føremålet til programmet er å kartlegge kystsona frå fjæresteinane og ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja, eller til der MAREANO-programmet kartlegger havområda. Resultata frå kartlegginga skal formidlast gjennom lett tilgjengelige og standardiserte kart- og datatenester. Programmet har arbeidstittelen Kyst-Mareano, og tek sikte på å samordne seg og ta lærdom av MAREANO.

Kyst-Mareano tek sikte på å kartlegge og presentere alle kystområder i Noreg i nye kart i tidsrommet 2015-2030. Nye og gode kart vil forenkle arbeidet med bl.a. kystsonerplanar/arealplanar i kommunane, som igjen kan bidra til å senke konfliktpotensialet rundt areal og næringsverksemd som t.d. havbruk. Meir detaljerte kart vil også kunne ha betydning for framtidig marin forskning i regionen, samt vere til nytte for offentlege etatar/forvalting, næringsliv og "fritidsinteresser". For at effekten av Kyst-Mareano skal verte optimal må graderingsregimet av djupnedata langs kysten, jf. Lov om Forsvarshemmeligheter, verte meir dynamisk. Det er ynskjeleg at det vert gjort ei konkret vurdering av i kva område ein kan frigjere høgoppløyste data.

## Økonomi

MAREANO vert finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet og Klima og miljødepartementet gjennom løyvingar over statsbudsjettet. Finansieringa av Kyst-Mareano må også komme over statsbudsjettet. I satsingsforslaget vert det estimert at Kyst-MAREANO samla vil koste ca. 2,6 milliardar kroner. Det er til samanlikning ein milliard mindre enn arbeidet med utbygging og utbetring av E6 mellom Trondheim og Stjørdal.

Fjordområda mellom Harstad og Senja, Astafjorden, i Troms fylke har gjennomført eit større prosjekt for kartlegging av kystsona i perioden 2002-2012 (<http://www.astafjordprosjektet.com/>). Ein rapport av Vista Analyse frå 2013 viser at kartlegginga har spart samfunnet for fleire titalls millionar kroner, og at nytteverknadane vil vare langt fram i tid. Det er spesielt havbruksnæringa som har hatt størst gevinst av kartlegginga (opptil 53 mill. kroner), men rapporten peiker også på gevinsten kan verte stor for fiskeriverksemda i regionen. Tilsvarende analyser frå Irland viser at avkastinga heng saman med tempo for gjennomføring (OBS: Irland har ikkje eit graderingsregime som hemmar bruken av djupnedata). Rapporten påpeiker også på at samla avkasting er størst ved fullskala gjennomføring, mot kartlegging kun i utvalte områder. For ei tidsperiode på høvesvis 8 og 18 år kalkulerer denne analysen med ei avkastinga på 6,2 og 3,8 gonger innsatsen. Til samanlikning estimerer ei tilsvarende studie i USA med ei nytte på inntil 35 dollar for kvar dollar som vart investert i ei kystnær kartlegging i USA.

## Kyst-Mareano til Vestlandet

Astafjordprosjektet var eit samarbeid med Troms fylkeskommune, kommunar i området, næringsliv og NGU. For å fullføre denne kartlegginga føreslår ein oppstart

# Vestlandsrådet

av Kyst-Mareano i Troms fylke, og kalkulerer ferdigstilling innan tre år, 2015-18. Etter 2018 er det ikkje sett opp nokon prioriteringar for fylke.

Vestlandet har fleire av dei viktigaste og mest produktive kystområda i Norge. Området har stor nasjonal og internasjonal verdi.

- Produktive hav - Nordsjøen og Norskehavet
- Gyte- og ynglefelt for fleire viktige fiskeslag
- Store korallførekomstar
- Djupe fjordsystem
- Fuglefjell
- Stor og konsentrert skipstrafikk
- Stor oppdrettsnæring
- Stor fiskerinæring

Vestlandet har nokon av verdas mest produktive havområde, samtidig som oljeutbygging, offshore vindkraft, fiskeoppdrett og skipstrafikk viser aukande aktivitet, krev meir areal og gir auka risiko for miljøproblem. Vi vil på denne bakgrunn foreslå at Vestlandet vert det prioriterte område for Kyst-Mareano etter 2018.

## Forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet ber regjeringa starte opp arbeidet med Kyst-Mareano snarast. Trongen for kunnskap om kystsona er stor, og gode kartgrunnlag er ein «grunnmur» i vidare planlegging og bruk av kystsona.
2. Vestlandet er ein av dei aller viktigaste og mest produktive kystregionane i Norge, det er høg aktivitet i kystsona og Vestlandsrådet ber difor om at Vestlandet vert prioritert som neste område i Kyst-Mareano.

Ottar Brage Guttelvik  
Fylkesrådmann

Odd Erik Hansgaard  
sekretariatsleder

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*